



Gunnar Rognaldsen
HILLANDSVEGEN 58
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3058 - 23/12326

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2023

Avvist søknad om ferdigattest - gbnr 134/366 Hilland

Administrativt vedtak.

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Saknr: 175/23

Gunnar Rognaldsen

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om ferdigattest avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad om ferdigattest 16.04.2022.

Saka gjeld søknad om ferdigattest for bustad.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Følgjande dokumentasjon er etterspurt i mangelbrev datert 08.06.2022, 08.06.2022, og ettersendt 12.01.2023. Dokumentasjon er ikkje sendt inn til kommunen. Følgjande dokumentasjon er etterspurt i mangelbrev, og pr. e-post:

1. For søknad om ferdigattest må det fyllast ut søknadsskjema med naudsynt informasjon til kommunen. Skjema er lagt ved som vedlegg.

Det er gjeve mellombels bruksløyve for bustad i 1998 med følgjande vilkår før ferdigattest:

Mellombels bruksløyve er gitt for:				
Eigedom/byggestad Hilland	Gnr. 134	Bnr. 366	Festenr.	Seksjonsnr.
Spesifikasjon:				
Dato for søknad 20.02.98	Kva slag arbeid: Nybygg	Kva slags bygg Bustad		
Behandling / Vedtak Bygningssjefen		Vedtak dato 08.06.1998	Saksnr. 115/98	
<input checked="" type="checkbox"/> Heile bygget <input type="checkbox"/> Følgjende del av bygget _____				
M e r k n a d e r	Ferdigattest må krevjast når følgjande arbeid er utført		Frist((dato)	
	1 Ferdiggjering av uteareal og bortledning av takvatn		01.12.1999	
	2 Garasje er ikkje bygd			
Dette arbeidet må vere fullført innan (dato)				
Underskrift				
Stad: Knarvik	Stempel / Underskrift			
Dato: 08.12.98	BYGNINGSSJEFEN LINDÅS			

For å få ferdigattest må du konkret erklære at punkt i mellombels bruksløyve er utført. Legg her ved søknadsskjema.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Viser til mangelbrev datert 08.06.2022, samt opplysning gjeve på e-post 08.09.2022 og 31.10.2022. Søknad må supplerast med følgjande dokumentasjon:

1. Det må fyllast ut søknadsskjema for ferdigattest, jf. mangelbrev datert 08.06.2022.
2. Det må erklærast at vilkår i mellombels bruksløyve frå 1998 er oppfylt, ved søknad om ferdigattest. Sjå e-post datert 31.10.2022. Her er utklipp av vilkår:

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming. Ved eventuell ny søknad om ferdigattest, må dykk sende inn etterspurt dokumentasjon.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gunnar Rognaldsen

HILLANDSVEGE 5911
N 58

ALVERSUND